

## Uke 30

### **29. juli: Olsok (Olav den heilage)** Olav Haraldson (ca 990 – 29.07.1030)

Olav var fødd på Ringerike. Han dro i viking og vart døypt vinteren 1013 – 1014 i Normandie. Han seilte attende til Noreg for å krevje kongsmakta og for å samle Noreg som eit rike med kristne lovar. Fyrst gjekk han i land på Selja. Etter det reiste han frå ting til ting. Mange kjelder og andre naturfenomen er oppkalt etter han, og han bygde mange kyrkjer. Då det vart motstand mot han reiste han til Gardarike (Russland). På vegen kristna han Gotland. Han fylgde ein visjon om å reise attende for å bli konge i Noreg i all æve. Han samla eit hær og døde på Stiklestad den 29. juli i 1030. Slaget stod ikkje mellom kristendom og heidenskap. Det var ein maktkamp om herredøme i Noreg, med kristne menn på begge sidar. Etter Olav sin død blei det fortalt om undere ved lekamen hans. Året etter den 3. august (Vesle Olsok på primstaven, sjå 3.8.) blei liket hans ført til kyrkja i Trondheim. Seinare vart Nidarosdomen reist over skrinet hans. Olav sin død førte til vekst for kyrkja i Noreg. Døden hans blei tolka som eit offer, og folk blei minna om Jesus når dei tenkte på Olav. På den måten kan ein seie at Olav sigra då han døydde.

**Bønn:** Herre Gud, Fader i himmelen! Me takkar deg for du gav kong Olav nåde og kraft til å reisa krossmerket i folket vårt og grunna di heilage kristne kyrkja her i vårt fedreland. Me bed deg, vekk og styr hjarto våre ved din Heilage Ande, so med held fast på ditt heilage ord i liv og daude og byggjer landet vårt i fred og samhald, deg til æra og folket vårt til lukka og velsigning.

*(Nynorsk Salmebok, bøn til Olavsdagen)*

Herre Krist, du sigerrike, gjer oss dine vitne like,  
som i døden sigra kan!

Når vår fiend hardt oss trengjer, gøym oss under dine venger,  
berg oss med di høgra hand!

*(frå Olsok messa 1100-talet, omsett av B. Støylen, i Norsk Salmebok 741,6)*

**Bibeltekstar:** Sal 33 Ef 4,17-21 Matt 20,25-28

### **Andre merkedagar:**

**27. juli (primstav) Sjusovardagen:** Dagen har namnet sitt etter eit segn frå 400-talet om sju menn som sovna i ei hole og våkna 200 år seinare. Adam av Bremen blanda kring 1070 dette segnet saman med legendane om Ursula og dei 11000 møyene (sjå 21.10.) og med Sunnivasoga (sjå 8.7.)

**27. juli: Lina Sandell** (svensk salmediktar, 3.10.1832 - 27.07.1903)

**28. juli: Johan Sebastian Bach** (tysk kyrkjemusiker, 1685 – 28.07.1750)